




Voss ungdomsskule

Visjon - Alle skal oppleve meistring og læring kvar dag.



Dagens organisering



Skuleår	14/15	24/25	31/32	45/46	Endring
Elevtal	482	562	600	644	14,6%
Kapasitet	Normal: 576		Maks: 640		
Kapasitetsutnytting av normal kapasitet		98%	104%	115%	
Gjennomsnitt klassestorlek	20,08				Elev / 24
Gruppestørrelse 8. – 10. trinn (Norm 20)	17,02	19,43			

Endring er mellom elevtala i 2024/25 og dei framskrivne elevtal i 2045 (i prosent)




Bemanning

Årsverk leiarressurs	370%
Årsverk lærarressurs	3 743%
Median alder, tilsette	43
Kompetansebehov – Kva manglar me?	Kjernefaga matematikk, norsk og engelsk er alltid aktuelt.

Økonomi

Rekneskap 2023	61 293 014,-
Rekneskap 2024	69 724 078,-
Budsjett 2024	66 973 707,-
Budsjett 2024	66 591 249,-
Rekneskap 2024	69 139 294,-



Gjennomsnitts kostnad per elev (For skular som eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).

Bygningsmasse

Byggjeår	1960, 2005-2008 og 2023		
Bruksareal	3166 m ²		
	Teknisk tilstand	Funksjonelt eigna	Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta fra tabell 3-3 rapport frå Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

Andre tilhøve

Tilhøve ved skulevegen	Lokalisert i Voss sentrum. Skuleåret 2024/2025 hadde 51% skuleskyss
Særlege tilhøve ved skulen	

Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Ikkje relevant
Tilknyting til andre tenester	Idrettshall og Vossabadet er lett tilgjengeleg, nære til mange offentlege og private tilbod.
Bustad og næring	

Eit utdrag av tilbakemelding frå elevar, foreldre og tilsette



Innspel frå elevrådet

Korleis hadde de vore for dykk dykk om ein samla alle elevane på ungdomstrinna på Voss ungdomsskule. Då vil det ikkje lenger vera ungdomstrinn i Granvin eller på Vossestrand, og Voss ungdomsskule får kring 70 fleire elevar

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none"> • Større skule vert billigare for kommunen • Vorte meir oversiktlege å ha alle samla på ein plass • Møta nye folk, bli kjent med fleire og få fleire buddies. • Kanskje skulen hadde starta litt seinare, då kunne me sova litt lenger. • Skulen og uteområdet kan bli bygd større, det kan vera både positivt og negativt. • Går fint, hadde ikkje gjort noko for oss 	<ul style="list-style-type: none"> • Elevar frå Granvin og Vossestrand får veldig lang reiseveg. • Negativt om det vert større klassar. • Mykje folk på skulen allereie. Om det skal komma fleire elevar må det gå fleire bussar og skulen må bli bygd om. • Blir vanskelegare å få snakka med læraren om det vert enno fleire elevar • Dersom det vert større klassar vert det enno meir krevjande for lærarane. • Visst dei frå Granvin og Stronde hadde komt ned på ungdomsskulen her så hadde det vert eit tomt bygg som heradet har brukt masse pengar på, så skal me bygga nytt og då tapar berre heradet pengar. • Tragisk, därlegare miljø

Innspela kjem frå elevane som gjekk i 8. og 9. trinn, skuleåret 2024/2025

Endra krinsgrenser slik at fleire elevar byrjar på ungdomstrinna på Vossestrand og i Granvin: Dersom elevar frå Bjørgum og Skulestad byrja på ungdomstrinna på Vossestrand og i Granvin, vil det bli opp mot 130 færre elevar ved Voss ungdomsskule.

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none"> • Lærarane kan hjelpe enkelt elevar om ikkje klassane er fulle • Mindre elevar, mindre i klassane. Betre plass på skulen og kanskje lettare for lærarane? • Får meir oversikt over skulen og elevane • Det gjev fleire val 	<ul style="list-style-type: none"> • Ein mistar vennar og mange vert sure • Unødvendig pengebruk på transport • Når du kjenner nokon og gleder deg til å vera saman – så blir ein «skilt» • Me må reisa mykje lenger enn no.

Innspela kjem frå elevane som gjekk i 8. og 9. trinn, skuleåret 2024/2025

Særleg elevane som gjekk på 8. trinn i 2024/2025 er negative til begge forslaga. «Me stemmer for at det ikkje vert gjort noko, ha det slik det er.»

Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

Dette er med nøgde med



- Strukturert undervisning og gode vekeplanar.
- Godt klassemiljø og dyktige kontaktlærarar.
- Nye fasilitetar som gymsal og uteområde blir også positivt omtalt.

Forbetningsområde

- FAU ynskjer styrka bemanning, særleg for å handtere fråvær og sikre god undervisning
- Meir praktisk og tilpassa opplæring for elevar som slit i ein tradisjonell skulekvardag, t.d. i samarbeid med naturskulen.

Skulen i lokalsamfunnet

Det er ein klar semje om at skule i nærmiljøet er viktig – både for den enkelte familien og for busetjing i grendene. Det blir uttrykt uro for at nedlegging av gredeskular vil føre til fråflytting og svekking av lokalsamfunn. Nokre bur nær Voss sentrum og vil ikkje bli direkte påverka, men viser forståing for kva det betyr for andre.

FAU om skulekvardagen til elevane

- At barna har det trygt, blir sett og høyrt.
- At dei trivst og meistrar kvardagen sin, og lærer det dei skal etter læreplanen.
- Eit godt samarbeid mellom skule og heim.

FAU om ulempar og fordelar ved strukturendring

Fordelar	Ulempar
<ul style="list-style-type: none">• Moglegheiter for sterkare fagmiljø og betre rekruttering til større skular.• Kompetanse og spesialpedagogiske ressursar kan kanskje nyttast betre i større einingar. FAU er usikre på om dette kjem elevane til god eller i større grad er økonomisk motivert.	<ul style="list-style-type: none">• Ungdomsskulen kan bli for stor, meir uro og mindre oppfølging.• Fleire elevar per klasse og tap av kvalitet i undervisninga.• Ikkje alle klassar har store nok klasserom, noko som kan å ut over luftkvalitet, samt gir større fare for uro i klasserommet.• Fleire klassar vil tvinge fram behov for investeringar og oppgraderingar av Voss ungdomsskule• Lang reiseveg for elevar frå Granvin og Vossestrand, noko som kan gå utover trivsel og læring.• Tap av mangfold og alternative tilbod for elevar med særskilde behov, særleg dei som slit med skulevegning.

FAU om uro ved endring av skulestrukturen og deira viktigast bodskap



Voss herad

Det er behov for varige, gjennomtenkte løysingar framfor midlertidige kutt. Viktig å tenkje langsiktig på både elevane sine behov og samfunnsutviklinga i kommunen.